Har lyst til å nemne dei fyrste oss inviterte om bord. Det var alle borna og dei unge ved Brandal Friskule. Kven er viktigare å formidle til enn dei unge som er framtida vår?

Flott var det å sjå stroda av born og lærarar frå Brandal-skulen kome om bord. Pizza og brus smakte godt, og skipper Johan Veiseth, og dei to skute- og polarkjennarane Beathe Holstad frå museet og Sven Aslak Veiseth frå Venneforeininga fortalte og viste borna rundt.



*Brandal Friskule var første skule om bord.*

Kjekt var det å sjå kor flinke alle dei unge håpefulle var!  
Alle lovde å prate fint om skuta, om museet og om polarhistoria til bygda si.

Alt no er det mange som har kontakta meg for å ta vare på skuta, hjelpe til og passe på. Det er eg svært takksam for, sidan eg er meir som ein rekande fant å rekne, mellom Polen og Noreg. Godt å vite då at eg har trufaste gode vener til å passe på.

Endeleg har eg lyst seie takk til pressa som har dekt dette på aller beste måte, og gjort dette kjent utover det ganske land. Presse og TV har fylgt meg både her og i Polen, og det har vore spennande.

Og sjølv sagt stor takk til alle som stilte opp for museet og oss i ein skikkeleg dugnad for å lage ei festhelg som vil stå lenge i minnet til folk! Brandølingar med alle gode hjelparar rundt seg, veit korleis det skal lagast fest, og sanneleg vart det akkurat det! Ein storfest!

Takk igjen då alle *Polarstarvener*! Kontakt meg gjerne når dykk føler for det, og hjelp meg gjere skuta endå meir kjend og akta rundt om. Dette flytande historiske objektet fortener berre det beste, og skal vere ein del av den store norske polarhistorie.

NB. Eg noterer at mange freistar få tak i meg på Facebook. Til det er å seie at eg prøver i det lengste halde meg unna desse «straumføringane» der! Men det betyr ikkje at eg ikkje vil ha kontakt med dykk. Ta heller ein tlf. til meg eller skriv meg ein e-mail. Livet er so travelt av andre gjeremål at eg ikkje ynskjer site å sveitte over ei «fjesbok-side» eg likevel ikkje ville ha røkta slik det skal. So tilgje meg det gode venner, ta heller ein telefon eller besøk meg på kontoret eller heime. Eg har stolpetru på den gamle gode vegen å møtast og treffast på ! Nærheit, venskap, god kaffi og den gode samtale!

Beste helsing Willy Nessel

tlf 95070668

## Takk for at oss fekk kome om bord!

Fredag 1. september 2017 var store og små frå Brandal friskule om bord i Polarstar. Her er nokre av elevane sine tankar etter besøket.

Det var gøy å sitje i kapteinstolen. – Gine

Det var ein morsom regel, -at kapteinin alltid har rett, og når han ikkje har rett, så har han rett likevel. – Nicoline

Det stanka i motoren. – Isak

Gøy og ete pizza, den var veldig sterk. - Goda.

Det var gøy å få klem med besten, og å sjå golvet for det er så fint, og å vere opp på taket. – Katharina

Gøy å sjå ankeret. - Vinter

Min tippoldefar jobba på Polarstar. Eg fekk sjå motorrommet. – Oda

Eg fekk sjå kvar dei sov på båten og motoren. – Andreas

Det var veldig gøy på Polarstar, og tusen takk for pizza og brus. Det var veldig fint. – Mia

Det var kjempekjekt å vere på Polarstar fordi eg fekk lov til å gå opp på taket over styrerommet. – Henrikas

Det var gøy at vi tok bilde, og det var gøy at vi var på toppen av båten. – Markus

Det var kjekt å kome på besøk og få brus og pizza. Eg lærte meg meir om bord i Polarstar. – Gabriel

Polarstar er kul og lærerik. Eg fekk vite at pappa jobba der. Eg fekk sjå mange lugarar. Eg fekk gå ned i maskinrommet. Nokre lugarar var rare og nokre var kule. Det var gøy å vere på Polarstar. - Isabella

På Polarstar lærte eg at det vogga meir fremst. – Varg

Polarstar er kul og lærerik og interessant. – Ida

Eg fekk sjå masse ting. Polarstar er ein kul båt som toler masse rart. – Olav

Vi såg ein lugar og det lak frå taket. Kaptein heiter Johan. Båten heitte Polarfart før. – Nida

Der var ein som hadde saga hol i skapet på ein lugar for å få plass til føtene sine i senga. Han heiter Johannes Alme. – Nora

Vi var på omvisning og såg overalt i Polarstar. Vi var i motoren. - Stin-Are

Eg likte å vere i styrhuset. Men eg likte ikkje dei små trappene. Det var eit veldig kjekt besøk. Det var hyggeleg å vere der. Båten gynga litt. Eg syntest det var kjekt å vere der vi åt maten. – Ellie

Det var gøy. Det var veldig smale trapper. Sengene var også veldig små. – William

Før heitte Polarstar Polarfart. Dei bytta namnet fordi at Polarfart betydde Polarfis på engelsk. – Aida

Eg huskar at båten gynga. Eg blei fort van med det. Eg lærte mykje der. Eg lærte at dei hadde mange signalflagg. Eg visste ikkje at det fanst. - Ane

Det var veldig mange motorar i motorrommet. Trappene var veldig smale. Oldefaren min jobba om bord på Polarfart/Polarstar. – Nils Petter

\*\*\*

## Plukkfangst:

### Sikrer folk ute

Store Norske har observert at folk tar seg inn i Gruve 2b selv om anlegget er stengt for ferdsel. Nå ønsker de å midlertidig sette inn et pleksiglass ved lasten, for å hindre at folk går inn. De ønsker også å reparere og forsterke den

bølgeblikkdekkede veggen i anlegget. Sysselmannen anbefaler tiltakene ovenfor Riksantikvaren.

Eiendomssjef Sveinung Lystrup Thesen i Store Norske forteller at de også ønsker å fjerne tagging fra i fjor sommer. Selskapet har forstått det slik at dette kan gjøres i samråd med Sysselmannen. Neste uke kommer en kulturminnespesialist og en byggingeniør for å lage en tilstandsvurdering av daganleggene til Gruve 6 og Gruve 2b.

– Vi håper å komme dit at det er mulig for folk å oppleve anleggene igjen, om de ferdes med aktsomhet, sier Thesen.

Svalbardposten 14.09.2017

## Knuste rekord

Flere medier melder om norgesrekorden som ble satt i Isfjorden for et par uker siden. Fiskeentusiasten Asgeir Alvestad fra Lillesand fikk da en blåsteinbit på 16,3 kilo på stang. Det er soleklar norgesrekord da fisken er dobbelt så stor som den forrige rekorden. Det er imidlertid ikke første gang entusiasten Alvestad får storfangst på stang. Han har tidligere blant annet fanget ei håkjerring på 1100 kilo!

Svalbardposten 24.08.2017

## Lærer å flytte isfjell

Etterhvert som oljeselskapene går dypere inn i Arktis, finner russiske oljeselskap og forskere sammen måter å håndtere drivende isfjell.

Med finansiering fra oljeselskapet Rosneft, bruker en gruppe forskere nå 40 dager i de nordlige delene av Barentshavet og Karahavet for å utforske måter å flytte isfjellene på. Kara Leto-2017 er den andre ekspedisjonen i sin type. I 2016 klarte forskerne å flytte isfjell med en vekt på opp til en million tonn. Arktis og Antarktis-instituttet sier at muligheten til å flytte isfjellene er avgjørende for olje- og gassutviklere.

thebarentsobserver.com 22. 09 2017

# Hareidsvikas kvite svane.

Av Ottar Kaldhol

Det er fleire som erfarer at skal du kome nær noko så må du ha det på avstand ei tid. Slik har eg det ved mange høve, og no sist i samband med opplevinga av at ishavsskuta "Polarstar" kom heim.

Skuta kom heim nypussa og skinande frå austerland for nokre veker sia. Det var ei stor oppleving for mange, det viste frammøtet av langt over tusen menneske frå fjern og nær då skuta la til kai på heimplassen Brandal.

Ja, det er mange som framleis kjenner dei vert varme i bringa når dei ser skuta ligg som ei kvit svane på Hareidsvika eller når dei minnest den spesielle dagen då ho kom heim.

Ja, vi var mange som kjende på noko der ut i Brandal, og det fyrste vi hadde til felles der vi sto på kaia var takksem.

Ei takksem til sambygdingen Willy Nesset som tok fram i, slik dei sa før. Han fullførde med 20 i stil det fleire hadde starta opp tidlegare. Det vart dokumentert denne dagen og for all framtid at det var fleire som kjende ansvar for å berge ishavsskuta "Polarstar".



*Willy Nesset med blomar frå styreleiar i Ishavsmuseet, Eldar Hareide (th).*

Det var og ei takksem som kom fordi vi er stolte av vår felles historie. Tenk det var her i denne bygda, denne kommunen, i denne regionen, i denne delen av landet, at dei reiste ut med små skuter og henta heim selskinn og spekk som sytte for store verdiar til landet vårt.

Vi sto der og kjende takksem og stoltheit for at dette er oss, om vi ikkje var på ishavet så sytte Willy, oss er på fornannn no, og dei andre som gjekk føre at vi fekk oppleve kjensla av dette som vårt.

Ja for Willy sa i talen sin til slutt at skuta hans er også vår. Han sto der audmjuk ved rekka og ga skuta "Polarstar" til heimbygda si.

Vi var og er ein del av noko som Riksantikvaren sa er det beste prosjektet han har opplevd. Vi stod tettpakka på kaia, nokre var om bord, dei som skulle vere der, som Brandalskoret og andre som hadde meiningar og som utalte takksem og stoltheit i fellesskap med oss i den store hopen på kaia.



*Riksantikvaren, her ved Erik Smaaland, var full av lovord om restaureringa av Polarstar.*

Eg sto ilag med våre to vaksne søner, dei veit no at fleire i vår familie har vore på ishavet som i dei fleste familier her. Dei veit også at oldefaren deira som 14-15 åring budde hjå Peter S. Brandal som det no står statue av ved Ishavsmuseet og som lovde oldefaren deira plass på skuta si til ishavet om han vart losjemann. Oldefaren deira ga lovnaden, var fangstmann på ishavet i mange år og var losjemann livet ut.

Kva anna hadde vi til felles der vi sto på kaia den dagen den kvite svana til Willy kom heim.



*Det var trangt om plassen på kaia då skuta la til. Foto Sigrid Jønsson*

Jau vi kjende oss audmjuke for alt og alle som opp gjennom historia har flytta landet og menneska framover. Ja, for vi lever av det same som pionerane på hav og land starta opp med for mykje over 100 år sida. Havet, kysten, båten, slippene, verkstadane og av å skape dagleg tryggleik og utvikling for dei som lever her.

Det vi òg har til felles er at vi kjenner stoltheit, fordi mange hadde far, bestefar, bror, onkel eller ektemann som var på ishavet. Ja, nokre hadde familiemedlemar som var med den kvite svana, vår. Ja eg torer å seie vår for det sa Willy Nesset i Brandal den dagen. No er det vår skute, alle si skute. Det sa ein mann som har lagt ut 20 millionar kroner av eigne pengar for å sette skuta i stand til riksantikvaren sine nesten urimelige krav.

Kva er den menneskelege fellesnemnar for takksemrd, stoltheit og audmjukskap.

Jau, det er respekt.


Respekt for dei som har vist veg, har teke fram i som dei sa før. Den kvite svana på Hareidsvika

er det beste døme på den innsatsen som Willy Nesset har gjort for å sikre eit handfast prov på ei verdiskapande næring her på våre kantar.

Ja kanskje skulle alle pengeflyttarane på bryggene rundt om i landet og alle som er opptekne av verdiskaping ta seg ein tur ombord i "Polarstar" i lag med Willy Nesset. Dei kan sjå, kjenne på lukta, legge seg opp i ei køy fram i baugen og ligge der eit bel med attlatne auge. Dei vil kunne kjenne på kroppen og med sjølvsyn sjå at det umulige er mulig og at det er hardt arbeid, kløkt og mot som gjennom historia har skapt det sterke fellesskapet her i landet.

Då Willy heldt takketalen ved rekka gjorde han noko heilt fantastisk, han delte sigeren med alle, ja absolutt alle, og tok spesielt fram dei som tidlegare hadde redda skuta i ei svært kritisk tid og som gjorde det mulig for han å fullføre denne store bragda. Då kom hjarte mitt opp og trengde seg ut gjennom augo.

Trur ikkje eg var åleine som let den audmjuke takksemda og stoltheita renne ned over kinna i Brandal den laurdagen.



Hareidsvikas kvite svane. Foto Johannes Alme

Kvar gong eg no kjem over Hareidseidet og ser ned gjennom min barndoms dal ser eg ein ljós liten kvit prikk ved Storfjorden, eller gjer eg det, eller er det fordi eg veit at den kvite svana vår ligg der.

Den kvite svana som no ligg trygg og stolt på Hareidsvika skal minne oss og framtida på at kvar generasjon står på skuldrane til kvinner og menn som gjekk føre og som tok fram i.

Ja, og med den kvite svana ilag med førstereisguten på snøggbåtkaia, og den ventande kvinnen og statua av ishavspioneren Peter S. Brandal ved ishavsmuseet så er det no skapt sterke og varige symbol som vil minne alle på viktige og sentrale deler av røtene våre.

Den innsatsen som Willy har gjort for å sikre ein så viktig del av den felles kulturarven vår kan ikkje overvurderast.

Willy Nesset du har min respekt, du tok fram i og du delte sigeren med alle, du har gjort ei bragd som utgjer ein skilnad, du har knytt ein sterk og varig mauske i det historiske fellesskapet vårt.

Takk!

## Glimt frå Polarstar sin heimkomst



*Kring 25 inviterte gjestar vart skyssa med buss til Herøy der dei fekk gå om bord i Polarstar og vere med siste etappen inn til Brandal. Styrmann Vidar Veiseth (tv) og matros Hans A. Skarbakk ønsker velkomne om bord. Foto Steffen Kvalsund.*



*Marian Siemakowicz, den polske ambassadøren i Noreg, med frue, vert ønskt velkommen om bord av Willy Nesset.*



*Tidligare og noverande reiarar vinkar til alle småbåtane som møtte Polarstar ved Kvitneset. Foto Steffen Kvalsund*



*Seglasen frå herøy til Brandal gjekk føre seg i praktfullt vær. Redningsskøyta Idar Ulstein heldt Polarstar med lag. Foto Steffen Kvalsund.*



*Stein Ørnhaøi var med Polarstar på selfangst i 1968 som NRK journalist. Han kunne konstatere at det var meir folk på kaia denne gongen.*



*Tidlegare reiar, Else Karlsen, vert intervjuva av NRK. Både NRK og Sunnmørsposten gjorde sine reportasjar, og Sunnmørsposten sende live minutt for minutt på turen inn til Brandal. Foto Steffen Kvalsund*



*Hermann Bakke var med Polarstar på jomfruturen i 1948. 69 år seinare var han æresgjest og fekk vere med siste etappe heim frå Polen. Foto Steffen Kvalsund*



*Polarstar kjem inn til Brandal. Foto Sigrid Jønsson*



*Det var mange på talarlista når skuta var koma trykt til kai. Gunnar Myklubust leia den seansen. Foto Sigrid Jønsson*



*Marian Siemakowicz helsa frå den Polske ammbasaden. Foto Sigrid Jønsson*



*Statssekretær Elsbeth Tronstad helsa frå Regjeringa. Foto Sigrid Jønsson*



*Sylvi Listhaug bar også fram ei helsing. Foto Sigrid Jønsson.*

## - Ganske kult at han oldefar og Roald Amundsen var vennar

Av Kjell Petter Stene

-Amundsen-villaen var omtrent slik eg hadde førestilt meg. Då eg sat i stova, kjente eg på stoltheit. Dette huset hadde oldefar min fått bygd som sjefsmesse i 1918. Roald Amundsen fekk bu her i 1925 og 1926, i samband med polferdene sine. Det er ganske kult at han oldefar og Roald Amundsen var vennar.



*Beathe Holstad på trappa til Brandal-villaen, direktørboligen som var satt opp i 1918.*

Beathe Holstad er oldebarnet til Peter S. Brandal, som var ein av grunnleggarane av Kings Bay Kull Comp. A/S i 1916.

Beathe har vore på hausttur til Ny-Ålesund. Saman med tre andre frå Brandal, deltok ho på eit tre dagars cruise med MS Nordstjernen. Det



*Beathe på plass ved pulten i Brandal-villaen.*

var Kings Bay Veteranklubb som arrangerte turen frå Longyearbyen til Ny-Ålesund. Medlemmane av klubben utgjorde knapt halvparten av gruppa på litt over 100 reisande. Resten var vennar og kjende, slik at skipet kunne fyllast. Slik var det at ein invitasjon til å vere med også nådde personar knytt til Ishavsmuseet Aarvak på Brandal. Knapt to døger låg skipet til kai i Ny-Ålesund, 16. - 17. september i år.

-Dei var tøffe karar, og såg kva som måtte til. Det å bygge opp eit gruvesamfunn så langt mot nord, var galskap, fortel Beathe Holstad.

-Heime har det ikkje vore så mykje prat om dette. Men eg har visst det. Interessa for det som skjedde i Ny-Ålesund, kom etter at eg starta å arbeide på Ishavsmuseet.

Som vaksen har eg forstått meir av det pionerarbeidet oldefar var med på, og mine barn på 14 og 18 år veit meir om denne historia enn eg gjorde på same alder. Det er viktig å kjenne sine røter, seier ho.

Vi sit og pratar på ein kafé i Longyearbyen. Om eit par timar går flyet sørover. Eg ville vite korleis ho opplevde denne turen. – Fantastisk, svarar ho. -Vi hadde godt ver heile tida, og eg kunne gjerne ha vore der lenger. Eg er veldig glad for at eg vart med. Kongsfjorden var magisk med dei flotte fjella og mektige breane. Vi fekk sjå at breen kalve og høyre buldringa. Dette var spanande naturopplevingar. Ved innseginga kjente eg att Zeppelinfjellet, luftskipsmasta og villaen midt i den vesle byen. Ny-Ålesund er eit lite samfunn med mektig natur rundt.




*Utsikt fra flyplassen, Ny-Ålesund og Kongsfjorden.*

Klart at ting har blitt forandra sidan oldefar si tid, men mykje er nesten som då. Det er flott at dette lokalsamfunnet eksisterer framleis, sjølv og gruvedrifta er historie og ulike internasjonale forskarmiljø no har funne sin plass der, seier Beathe.

-Eg hadde store forventningar til turen, og vart ikkje skuffa. Det var fint å gå rundt i den vesle byen og sjå på dei forskjellige husa. Vi hadde byvandring med omvising i fleire av husa. Det var villaen som gjorde størst inntrykk på meg. Eg hadde lyst til å forlate gruppa eg gjekk saman med og vere meir i villaen, men det får bli neste gong. Det var nesten som ein kunne kjenne stemninga frå gamle tider der inne, seier Beathe tankefullt.

-Det var også spanande å sjå anneksjonsplata på museet. Den har eg berre sett fotografi av tidlegare. Det var ei eiga ro i Ny-Ålesund. Lokomotivet «Toa» med sine vogner stod der nyrestaurert. Dei bygde eigne skinnegangar frå

gruvene ned til utskipingskaia allereie i 1917-18. Dei første åra kalla ein faktisk staden for Brandal City. I dag er der gode grusvegar, og det er dagens Kings Bay AS som er ansvarleg for all infrastruktur.



*Beathe framføre anneksjonsskiltet der oldefar Peter S. Brandal har signert sist i 1916. Skiltet er utstilt på det nye flott museet i Ny-Ålesund.*



Turfølge frå Ishavsmuseet samla på Brandalspynten; frå v. Lars J. Brandal, Beathe Holstad, Lars P. Brandal og Webjørn Landmark.

-Vi blei med på ein tur til Brandalspynten, eit nes på utsida av Brandalslaguna. Det var kjemperfint ver den dagen. Å stå borte på Brandalspynten og sjå over til Ny-Ålesund var fint. Det var jo frå den kanten også oldefar såg «byen sin» når han kom siglande inn fjorden om somrane. Eg såg for meg skutene som kom og gjekk med proviant og kol, fortel Beathe Holstad.

Fire personar frå vennegruppa rundt Ishavsmuseet var med på Svalbard-ruren. Beathe reiste saman med sambuar Webjørn Landmark, Lars P. Brandal og Lars J. Brandal, alle ivrige støttespelarar for museet. Kings Bay Veteranklubb vart stifta i 2001, og dette er andre gongen dei charrar MS Nordstjernen for å la medlemmene få kome tilbake til gruvesamfunnet, der mange av dei budde og jobba i fleire år.

-Eg driv og guidar på Ishavsmuseet. No har eg vore der, og inntrykka frå det som ein gong vart kalla Brandal City blir med meg. Det blir lettare å formidle etter at eg har fått delta på denne reisa «tilbake i historia». Det var også fint å kunne reise sammen med veteranar frå gruvetida, seier Beathe Holstad.

-Mange av husa i Ny-Ålesund står der ganske uendra frå då dei vart bygde for rundt 100 år sidan. Ei av gruvene fekk namn etter Beathes



Gamal og ny tid på Brandalspynten; fangstbåten til Arthur Oxaas som bygde hytte og overvintra her, og det nye bygget til kartverket.

oldemor; Josefine-gruva. Gruveområdet er dessverre jamna med jorda. Få år etter at Kings Bay-gruvene vart nedlagt i 1963, bestemte norske myndigheter at gruveområdet skulle ryddast.

Bygningar vart rivne, stålkonstruksjonar sprengt og gruveopningane vart fylt igjen. I dei seinare åra har veteranar frå Kings Bay Veteranklubb delteke i arbeide med å merke gruveområdet, slik at besökande kan få ei viss peiling på korleis ting var før.

Sambuaren til Beathe, Webjørn Landmark, er også inspirert etter denne turen. Han er dagleg leiar for Ishavsmuseet, og fortel at Kings Bay-avdelinga ved museet, «Svart gull i Brandal City», skal vidareutviklast. Historia til Peter S. Brandal skal takast godt vare på.

# Kings Bay Veteranklubb 2001 – 2017

Av Kjell Petter Stene (tekst og foto)

Det er 16 år sidan Kings Bay Veteranklubb vart stifta. I november 2001 var 50 veteranar frå gruvetida tilbake i Ny-Ålesund.

Kings Bay AS med direktør Monica Kristensen var vertskap, og selskapet dekte utgiftene både til opphold og flytransporten mellom Longyearbyen og Ny-Ålesund. At 50 veteranar kunne samlast til eit flott treff over 4 dagar, var som eit eventyr for alle saman.



*Reisande på Svalbard-turen 2017 framfor veteranhytta i Ny-Ålesund.*

gang eit arbeid for å få til eit stort og ope treff i Ny-Ålesund.

Han ville at alle attlevande gruveveteranar som hadde ønskje om det, skulle få møtast igjen på sin tidlegare arbeidsstad. Og hausten 2001 vart hans draum realisert. Då vart samstundes Kings Bay Veteranklubb (KBV) stifta, og det første styret vart valt.

Det var viktig for KBV å få på plass ein samarbeidsavtale med Kings Bay AS. Selskapet driv staden som ein forskarlandsby i dag, og mange land er representerte med folk og prosjekt. Samarbeidsavtalen skulle opne for at dugnadsgrupper frå veteranklubben skulle kome kvart år. Dette samarbeidet

starta for alvor i 2005, då ei gruppe frå klubben pussa opp hytte nr. 6 – ein av dei små familiebustadene frå gruvetida. Dette vart «veteranhytta» - klubbens tilholdsstad i Ny-Ålesund.

Seinare dugnadsgrupper har i samarbeid med Svalbard museum delteke i merking av gjenstandar frå gruvetida. Dei seinare åra har ein hatt informasjonsstand for turistane på turistbåtane som kjem dit.



*50 veteranar var tilbake i Ny-Ålesund i 2001. Kings Bay Veteranklubb vart stifta. Initiativtakar Berner Larsen sit framme, nr. 2 frå venstre. Dåverande direktør, Monica Kristensen, sit på huk i midten framme.*

I spissen for å få til dette historiske treffet, stod den tidlegare gruvebusen Berner Larsen frå Bodø. Han hadde sjølv fått ein tur tilbake til sitt kjære Kings Bay i 1997. Etter det sette han i



Dette er minnesteinen over dei 11 gruvearbeidarane som ligg att i gruva etter ulukka i 1962. Veteranen på biletet er Jann Skogmo frå Bodø.

I veteranbua ved sida av butikken, sel dei strikkevarer som medlemmane har laga, kaffi og vafler. Dette gir inntekter til klubben. Mange turistar stoppar interessert opp og vil høre om tida då Ny-Ålesund var verdas nordlegaste gruvesamfunn.

På alle dagnadsurane blir det arrangert forteljarkveldar for dagens arbeidrarar. Då møter veteranane mange interesserte både frå Kings Bay AS, Polarinstittutet og andre forskarmiljø. Veteranane fortel frå arbeids- og samfunnslivet i gruvesamfunnet, og mange av dagens tilsette blir godt kjente med representantane frå veteranklubben. Dette informasjonsarbeidet er ein viktig del av samarbeidsavtalen mellom KBV og dagens Kings Bay AS.

Kings Bay Veteranklubb har også teke initiativ til at gruveområdet vart merka. Klubben har også fått reist ein minnestein i gruveområdet over dei 11 som ligg att inne i gruva etter ulukka i 1962. Dei vart ikkje funne. Det omkom 21 arbeidrarar ved denne største ulukka i Kings Bay-gruvene. Til saman har 84 menn døydd i arbeidsulukker i perioden 1916 – 1963. Ei minneplate med namna på alle omkomne er festa til den store minnebautaen nær busetnaden i Ny-Ålesund.



5. november 2012 vart det minnemarkering i Ny-Ålesund – 50 år etter den største Kings Bay-ulukka. Mange veteranar deltok. Framme sit f.v.: Arne Storvik, Jorunn Storvik, Asbjørg Skogmo (mangeårig leier for KBV) og Oskar Bye

Veteranklubben har arranger fleire større turar til Ny-Ålesund gjennom åra. Både i 2008 og 2017 chartra ein MS Nordstjernen etter avslutta turistsesong. Då er det blitt cruice over tre dagar, med gode opphold i Ny-Ålesund. Over 100 deltok på kvar av turane, og KBV-medlemmane har også hatt høve til å invitere med vennar og kjente for å fylle opp skipet.

I 2012 var det eit spesielt «veterantreff» i Ny-Ålesund. Kings Bay AS hadde lagt til rette for at ei stor gruppe veteranar kunne få delta på markeringa av at det var 50 år sidan den store ulukka i 1962. På dagen 50 år etter, 5. november 2012, var 28 veteranar samla til minnestund i den gamle gruvebyen, saman med bl.a. Kong Harald. Der var det også representantar frå Storting og regjering til stades. Til denne samlinga fekk veteranklubben reisestøtte frå Nærings- og handelsdepartementet.

Veteranklubben har eksistert i 16 år. Av dei som var til stades på den store samlinga i 2001, er nå mange gått bort. Berre det siste året døydde fem medlemmar. Nå er det neste generasjon som må dra mykje av lasset, dei som var born i gruvetida. Mange av desse kjenner også sterke band til staden.



5. nov. 2012; Kong Harald legg ned krans ved bautaen over dei som har omkome i Kings Bay-gruvene. Gruveveteranar frå KBV i bakgrunnen.

Stryeleiar for KBV nå er Ellen Marie Ødegaard, den yngste i ein barneflokk på fire som vaks opp på Svalbard. Hennar oppgåve blir no, saman med styret, å stake ut ein veg vidare. Kanskje vil klubben leve sitt liv lenge, kanskje har den allereie utført si viktigaste oppgåve; det å samle veteranar og legge til rette for at dei som ynskjer det får kome tilbake til Kings Bay. Årleg vert det arrangert årsmøtesamlingar ei helg i september. Desse treffa er blitt møtestaden for nye medlemmar som sluttar seg til klubben.



Ny-Ålesund – slik det ser ut der i dag.

## Polarstar: Eit flytande kunstgalleri

Av Anne Gry Eilertsen

Både i messa, «captains cabbin» og på lugarane heng det no kunstverk og foto som folk har skjenka til ishavsskuta «Polarstar».

Skuta ligg no til kai på indre Hareid, nyrestaurert og flott etter fleire år med restaureringsarbeid i Polen. «Polarstar» skal ligge på Hareid til alle sertifikat er på plass, og blir førebels brukt til omvisingar og selskap i slutta lag.

Interessa for stålskuta frå 1948 er stor, og reiar Willy Nesset er nesten rørt over kunsten som er skjenka skuta.

- Eg set stor pris på gåvene. Det gir meinig til alt arbeidet som har blitt gjort, kommenterer han.

Aller størst pris set han på måleriet som Petter Liavåg har gitt. Eit oljemåleri som kunstnaren Hermod Rise har laga. Måleriet femnar om det meste ein hareidspatriot likar: Masdalsklova, Tampen-bua (den eldre), Flemsøy-bua og Hareidsvika. Måleriet har fått heidersplass i messa.



Willy Nesset takkar Petter Liavåg for den store gåva til Polarstar, måleriet etter Harmod Rise som har kome på veggen.

- Petter har stilt opp svært mykje for «Polarstar». Han var blant anna stuert på overfarta frå Polen til Hareid no i haust, fortel Nesset.

Men det har kome fleire kunstverk på veggene: Johan Storøy har gitt eit måleri av «Polarstar», og det same har Ivar Olsen. Sistnemnde er frå Hareid, men busett i Oslo. Han har fått ein kunstmålar til å skildre skuta. Også ein polsk sveisar vart så glad i «Polarstar» at han sette seg til staffeliet og laga eit måleri av skuta før ho forlet Polen.



Ivar Olsen har fått dette bilde måla og gitt det i gave.

Else Karlsen, tidlegare eigar av skuta, har overlevert eit inneramma kart over Svalbard, som tidlegare hang i messa. No er det på plass igjen. Det same er ei klokke som reklamerer for Mack-øl.

Willy Nesset har også klart å spore opp foto frå då «Polarstar» vart bygd ved verftet James Lamont & co Ltd. i Glasgow.


- Eg fekk tak i dei via universitetet i Glasgow. Dei sende dei til meg som fotofiler, og eg synest dei fortel ei historie, seier Nesset.

- At det er fint i messa set ein spiss på heile båten. Folk som kjem her ser at det er orden på sakene, kommenterer Petter Liavåg.

- Riksantikvaren sa til meg at «Polarstar» hadde verdas flottaste kunstutstillingslokale i lasterommet. Kanskje kan vi ha utstilling der ein gong. Det er i alle fall stort nok, smiler reiaren.

- Men det får eventuelt bli seinare, legg han til.

*Under ser du nokre av bilda som vart skaffa frå universitetet i Glasgow, og trykt med løyve frå verftet. Fleire bilde frå bygginga i Polarstarboka. Siste bilde syner gudmor Borgny Karlsen klar til å sende champagneflaska mot skuta.*



# **Andreas Nesset, 90-åring med seglskuteminner**

Av Leiv Arne  
Grimstad  
Vestposten 9. januar  
1979



-Almendele` -normalt also!

Slik slutta 90-åringen Andreas Nesset då vi kunngjorde at han verka urimeleg sterk og glad til sinns for ein 90-åring å vere. Sjølve åremålsfeiringa var 23. desember. No skriv vi 3. januar og konstaterte at jubilanten var pigg og moda på nytt år – det 91. i rekka.

Men soga om Andreas Nesset er ikkje heilt almindeleg. Rett nok har han vore spart for store knekk. Tre sjukehusopphald i alt – ikkje av alvorlegaste sort. Og eit sterkt sinn har følgt han gjennom alle år. Klar som kjelda verkar han ennå.

Det ikkje heilt «almindelege» ved han er at han truleg er den einaste som lever av dei som opplevde å reise på selfangst med seglskute. Han var med «Minna» i Vesterisen før den industrielle revolusjonen hadde teke landet i bruk. Isbjørn og kvalross har han også fanga.

Men la oss ta sat i barndomsheimen, på Nesset i Snipsøyrdalen. Andreas var son til Rasmus Nesset og Laurence Nesset f. Bjåstad. Han var fjerdemann i ein syskenflokk på 9 og tok over heimejorda i 1910.

Men før det hende litt av kvart: Faren, Rasmus, måtte selje jorda i 1880 fordi han måtte ha pengar til å bygge seg nytt hus. Han hadde teke over etter far sin, var nygift og skaffa seg inntekt som bygningsarbeidar.

Slikt arbeid var därleg betalt, og blakk som han var fekk han Andreas Saunes kjøpe jorda for 1600 kroner. Avtalen var at Rasmus fekk drive henne mot ei årleg avgift på 20 kroner. Dette kalla dei landskulde.

Saunes døydde i 1910 og kona etter han overlèt styringa av eigedomen til eit bustyre. Rasmus fekk ultimatumet: Viss nokre av borna ville



*Andreas var med «Minna» på selfangst. Foto Olaf S. Brandal.*

kjøpe att garden, skulle dei få han for 1600 kroner. Viss ikkje vart det auksjon. Tilbodet hamna hos Andreas til slutt. Dei to eldste brørne var alt engasjert i ein motorfabrikk i Ålesund, Lars som eigar og Johannes som medarbeidar. Nr. 3 i rekka – Ole – døydde som ung.

Andreas kvidde seg. Lysta til å bli gardbrukar var ikkje stor. Men å nekte var det same som å sette familien på døra. Dei andre syskena – Olina, Enok, Alfred, Ragnvald og Lydia – var enno for unge.

Andreas sine lyster gjekk i andre leier. Han ville lære maskinistyrket. Det enda likevel med at Andreas kjøpte att garden for pengar han hadde tent på sjøen. Mora hadde samvitsfullt sett dei i Rise-banken for han, og no kom dei til nytte.

Kjøpet tok på og Andreas laut prøve sjøen igjen for å skaffe seg pengar. I 1914 slutta han som heilårs sjømann og gifte seg med Marta Ulset i 1915. Ho var dotter til Rasmus Ulset og god følgjesvein til ho døydde i 1969. For å få plass

til begge familiene i heimtunet kosta broder Lars ei utviding av huset.

-Kor gamal var du, Andreas, då du måtte ut å tene?

- Eg stod konfirmant i 1903. Ved jul året etter baud Lars eldstebror, som hadde starta ein trevarehandel på Valderøya, meg til å bli snikkar i kompaniet. Der var eg 3 månadar. Då sa Lars at han ikkje greidde å halde oss begge med mat lenger. Han bad meg skrive til onkel Sverre - «Haug-Sverre» - i Brandal for å få låne 50 kroner. Han svarte slik:

«Pengar fær du ikkje, men vil du koma å tene meg, skal du få maten». Eg for dit 15. oktober og var der eit og eit halvt år. Eg hugsar klart at han hadde 4 mjølkekryr, 10 sauher og 20 geiter og ei fylmerr. Eg gjekk sjøvegen til Flø etter geitene, for i fjella og mjølka, spadde torv og sende ned til bygda på streng.


Eg hugsar ein gong eg var ute å sette line attmed ein annan kar. Eg måtte andøve medan «sjefen» drog. Det kom til syne ein storring i djupet og «sjefen» såg etter klepp. Men klepp hadde vi ikkje med. Eg visste ikkje eingong kva det var. «Visste du ikkje at oss skulle ha med oss ein klepp, din dalegap?» raus det ut av han. Sidan fekk vi slep til Ålesund og selde fangsten. Eg måtte ro heimatt åleine, og viste knapt vegen. Men ved Eltrane såg eg Brandalsbygda og fekk heim mjølet. Men den jobben var visst ein dalegap god nok til.

-Når kom ishavet inn i bilde?

-Eg fekk meg rom på «Minna» i 1907, ei seglskute, som også dreiv fiskeri. Vi som var med måtte sjølve halde oss med vogn. Eg hadde ikkje pengar, men fekk det eg trond på krita hos S. Howlid, 10 liner.

Så var det ishavet. Vi siglte til Vesterisen utan motor og var heldige og fekk last. Tok så ein Nordsjøtur og kom tilbake med 48 tonner sild. Vi heldt oss med kvar våre 4 garn.

-Kor lang tid tok det å sigle til Vesterisen?



*Medan «Minna» var på verkstad, fekk Andreas også ein tur med «Gunhild».*

-Frå Brandal brukte vi gjerne ei veke. Hadde vi veret med oss, kunne vi vere i området ved Jan Mayen alt etter tre dagar. Likast var vinden på sørøst. I «nordvest» måtte vi sigle «bidevind». Det blaffa så vidt i segla og det var ein kunst å finsikte slik at segla vart fylte. Om nettene kunne det vere at vi la oss «bakk» når veret og vinden var vanskeleg. Vi hadde kompass om bord og las av retninga i parafinlyset. Styringa utførte vi med talje. Då vi kom heim etter den turen vart skuta forlenga med 20 fot og fekk dampkjel og dampmaskin.

I mellomtida tok eg plass på «Gunhild» i torskefisket. Då «Minna» var klar igjen, for vi i isen, men kom for seint til å ta ungselen. Vi fanga ein del klappmyss, men fekk ikkje full last. Kva no? Spurde vi oss. Skyttaren foreslo å gå inn under Grønland på bjørnefangst. Stuerten var samd, og dermed var det gjort.

Vi skaut 20 isbjørn. 5 ungar vart i tillegg fanga og sett i bur. Fangstmetoden var å jage mora i sjøen og skyte henne der. Ungen fylgte også i sjøen. Vi rodde etter han og heiv «strikk» kring halsen.

Eg reknar med dei gjekk til dyreparkar. Seinare for vi på kvalrossfangst. Vi skaut dei i sjøen for det meste, men måtte stikke dei først med handharpunen for at dei ikkje skulle søkke. Vi fekk 40 slike. Ein levande unge tok vi også heim. Vi rodde etter han og stakk den med harpun, og var så heldige at såret let seg lækje etterpå. Eg fekk sjølv som oppgåve og passe



*Posering med harpuner om bord i «Minna».*  
Foto Olaf S. Brandal

han. Han var ikkje van med anna mat enn fisk. Eg bad stuerten koke havregrynsuppe, sile henne å ha på flaske. Vi hadde ikkje smukk, men fann ein spene på eit skinn. Men nei! Den karen var ikkje van med smukk. Så skvette eg inn i kjeften medan ein annan heldt han open. Då likte han det!

På heimveg ville vi gi han en dukkert. Vi lagde sele og langt tau. Men karen smatt ut og vart vekke. Fullt spetakkel om bord. Vi såg ikkje flisa av han. Men ei stund etterpå la han seg plutselig langs skutesida. Det såg ut som han ville opp, og vi kunne berre løfte han på «sikker grunn» igjen etter sveivane.

Det var god betaling for desse levande dyra. 200 kroner for kvar bjørneunge og 500 for kvalrossungen. Mykje pengar den gongen.

-Du slutta på ishavet i 1914?

-Ja, og det siste året var eg på «Løftingen». Vi var i Stretet. Måtte spekke om bord. Vi skulle til å salte ned då ein kalv – eit isflak – kom opp og braut ned svineriggen og sleit oss lause slik at vi slo av rorstilken i isen bak oss. 2 skuter som var i lag med oss fekk drege oss ut av isen. Den eine

svinga oss, den andre slepte. Vi kom oss ut, men kva med heimreisa? Sidan stilken nede var benda og skuta gjekk berre ein veg, tok vi toppsegleråna og la 2 plankar på kant på dei bak på hekken. Slik styrte vi, med taljar, heimatt, og brukte tre veker. Heime tok dei til å lure på kvar vi var og rigga ut 2 båtar for å sjå etter oss. Men då kom vi akkurat inn for Kvitneset.

-Så til jorda?


-Eg måtte overta, men var så godt hjelpt at eg kunne ta vintersarbeid på sjøen. Var på motorbåten «Ulf», på «Islendingen» og på «Tampen». På «Tampen» gjorde eg det godt. Fekk 1800 kroner på haustsilda og «snurpå». Løna kunne takast ut i Handelsbanken i Ålesund, men då vi kom for å hente den var dei konkurs. Vi måtte reise heim utan eit øre i lomma.

Sidan var det altså garden for det meste. Han tok seg arbeid vinterstida på Johanbuda og på Sildeoljefabrikken i Brandal der han har utført mest alle jobbar. Ei stund var han også inne på revefarming, men det slutta då 2. verdskrig kom, då det vart uråd å få avsetjing på normal måte. I 1958 vart Andreas pensjonist. Sonen Reidar tok over. Reidar dreiv sjøen og påstår sjølv at faren gjorde hovudarbeidet på garden i fleire år framover likevel.

Andreas og Marta fekk 4 born. I tillegg til Reidar var det Lilly, Magnhild, og Randi. Først nemnde bur i Hareid, Magnhild bur i Stordal og Randi i Haddal. -Eg greidde ikkje å fø fleire, ler Andreas.

I det heimlege kulturlivet har Andreas gjort mykje. Han fortel at broren Johannes var med å skipe losje Dag over Land. Søndag etter konfirmasjonen melde Andreas seg inn, og seinare var han med å skipe losje Soldogg i Snipsøyrdalen. Fråhaldslina har han halde heile livet sitt.

-Derimot var eg svær å røykje. Slutta mange ganger og begynte igjen. Eg fekk ikkje lov av kona å røykje inne. Ho tolde ikkje det. Men ute røykte eg det eg ville. Eg slutta fordi eg vart så gåen i halsen at eg nesten ikkje vann puste. Det



Siste turen Andreas hadde på ishavet var med «Løftingen».

var i 1931. Eg heldt opp til krigen, men då var det tobakkskvote, og eg måtte ha min del. Men eg ville slutte, og det er lenge sidan no at eg tok ein røyk, seier Andreas.

Det har ikkje vore kristelege føringar inne på Nesset, men Andreas har til dags dato gått og høyrt talarar som har vitja dei. Også i kyrkja. Ein gong kjøpte han motorsykkelen for å køyre kona til kyrkje.

På fjernsyn er kjekkaste programposten preika og dagsrevyen, seier han.

I det offentlege liv har han teke del som likningsmann for krinsen, har vore med i styret for «gamllehjemmet», i fatigstyret og i soknerådet. Var også vararepresentant i heradstyret for ei bygdeliste, og møtte ein del gongar, men likte seg ikkje det støv.

-Storkarane preika og eg – dalagapen – forstod ikkje det støv. Men eg hadde vel likt meg om eg hadde vore der lenge nok, ler han.

Personen Andreas Nesset er heller ikkje fullgodt skildra utan at vi nemner interessa for det tekniske. Han har alltid vore hendige. På sjøen har han vore fyrar, maskinist, stuert og skyttar. Ja, endåtil «skipper» ein gong han førte skuta frå Brandal til Kristiansund!

Heime på garden laga han seg eit maskineri til å hogge småved, kløyve og kappe med. Ein gong var han på Ulset og kløyvde opp material åt ein

mann som skulle bygge nye løe. Ved eit uhell kom handa inn på saga. 1 finger for for godt, resten av handa såg fæl ut.

«Dagen» henta han med fly på Snipsøyrvatnet og flaug han til Ålesund, der dei berre sydde igjen og let det gro. Seinare kom han seg på Rikshospitalet. Låg der i 3 månadar, skar opp og ordna til senane utan at han vart noko betre av det. Men han lærte seg å leve med den nye handa. Slo med stutthorv og langhorv. Det verste var faktisk å handtere bryna.

At han har vore slik ein «larkje» på det tekniske plan gjorde at han først la frå seg motorsykkelen for 3-4 år sidan. Familien elles hadde lenge meint han måtte slutte å køyre, men det var «som å snakke til stein».

Men so kolva han og slo føtene sine. Og då var dei snare å knipe sertifikatet utav lomma og levere det inn til lensmannen.

Som bokorm er Andreas også verdt å nemne. Sonen Reidar fortel at han i ungdomstida, når han var seint ute og det kunne ventast skjenn for det, måtte passe på å liste seg innatt etter at faren hadde sovna og før han tok til å lese. Andreas har nemleg hatt det for vane å lese grytidleg om morgonen eller ut på natta ein gong når han ikkje har fått sove. Ein spesiell favoritt har han i svensken Leonard Strömberg, som har skrive ein lang serie bondeforteljingar.

-Når du har begynt å lese desse bøkene er det akkurat som du ikkje greier å slutte, seier han. Sjølv har han eit par hundre bøker, og pløgjer veke-magasina fast.

Og har du ei klokke som ikkje går, kan det tenkjast at Andreas kan hjelpe deg!

90 år er ei lang tid å leve. Det ligg eventyr i livsminna: seglskutefart, isbjørnjakt, to verdskrigar, depresjonar. Så fjernt frå industriunderet Norge i dag. Men Andreas sjølv seier: -Det er almendele` - normalt also!

# AASEN



## BIL-DEMONTERING AS

- BRUKTE OG NYE DELER
- OFF. GODKJ. VRAKMOTTAK
- NYE DEKK OG FELGER

700 37 900

[www.aasenbil.com](http://www.aasenbil.com)



VS Poland Sp. z o.o.

Tlf nr 95070668

Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål

- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport  
/fritid - trykksaker

Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing

**B**

Returadresse:  
Ishavsmuseet  
6062 Brandal

**Porto Betalt P.P**  
**Avtale 617108/7**

# Kunnskap

Per Johnson og Arnfinn Karlsen



## Polarolje 0,5 L

Den arktiske kuren for betre helse.

Polarolje er eit reitt destillat framstilat av olje frå yngre gronlandssel. Etter mer enn 5 års klinisk forskning, viser forskere ved Haukeland universitetssykehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) til oppsiktsekkende resultater, og kan vise til følgende helseeffekter:

- Behandling av ørisme og stive ledd
- Bedring av immunforsvaret
- Hindrer sårdannelser og eksem
- Regulerer mage/tarmfunksjonen
- Behandler psoriasis



**coop**

Polarolje selges hos Coop-butikkene i Eid, Volda, Ørsta, Ulsteinvik, Hordaland, Stord, Stavanger, Fjell, Fjell, Søgne, Røde, Raudeberg, Selje, Lavastad, Olden, Sæbø, Vindafjord, Sandnes, Larvik, Gjerdrum, Moldestranda, Leikong, Tjørnåg, Ose, og Åkrem.

## Meir enn berre polarolje

Besök nettbutikken  
[www.polargodt.no](http://www.polargodt.no)

### Polarolje for hund

Den beste kuren for friske ledd, 0,5L  
Spesielt gode resultatar for:  

- Behandling av ørisme, stive ledd
- Behandling av seneskader
- Bedrer hovkvaliteten
- Gir blank, tjukk pels
- Bedrer immunforsvaret
- Bedrer mage/tarmfunksjonene



**kr 180,-**

### Polarolje for hest

Den beste kuren for friske ledd, 2,5L  
Spesielt gode resultatar for:  

- Behandling av ørisme, stive ledd
- Behandling av seneskader
- Bedrer hovkvaliteten
- Gir blank, tjukk pels
- Bedrer immunforsvaret
- Bedrer mage/tarmfunksjonene

**kr 644,-**

### Polarsalve

Naturens egen balsam.  
Spesielt gode resultatar for:  

- Problemløs
- Bleieutslitt
- Eksem
- Psonasis



**kr 100,-**

### Pute

– Arctic White 40x40  
Eksklusiv pute  
– i ekte arktisk pels



**kr 1699,-**

### Pute

– Arctic White 40x70  
Eksklusiv skinn  
– i ekte arktisk pels



**kr 2196,-**

### Selskinn

Eksklusiv skinn  
– i ekte arktisk pels



**frå kr 900,-**

### Bilpute

– Arctic Grey 20x30  
Kraftig strikk for festing rundt setryggen



**kr 679,-**

